1

Alvestad, Hønefoss 21/11 1963.

Til Uskedal Ungdomslag,
c/form. Bjørgulv Eik.
Uskedal

Takk for brev og innbjoding til 75 års festen for Uskedal Ungdomslag!
Det var ei stor og uventa æra at de hugsa på meg ved eit slikt høve.
Diverre greider eg ikkje koma „vestpå" no i haust. Eg skal ein tur til Drammen Sjukehus snart, for ein mindre operasjon, og so er det blitt noko snø og kalt, so eg vågar berre å taka, stuttare, mindre turar no på vinterstid.

Uskedal Ungdomslag har gjort ei stor og god gjerning for ungdomen i bygda. Eg veit det, m. a. av eigi røynsla, frå mine ungdomsår. Her fekk ein den gode kveik til å arbeida for dei mange gode ungdomssaker. Me stødde kvarandre til „å halda idealets fane högt". Me fekk pröva våre „eigne venger" til å slå mot „åndens högder". Det var i ordskifte om „hjartesaker", lagssaker og ein reint praktiske ting. So var me med på skodespel, skriving i „Dalbekk" og kanskje gjorde me dei fyrste pröva på talarstolen til foredrag! Der var mange gjævande møter, med foredrag av tilreisande, frå andre bygder.

og frå frå bygdi. Det er mange slike møter og fester eg hugsar med glede. Eg nemner Sivert Kjørland som den kloke og velrøynde, med særleg evne til å få oss inn med i ordskifte, og hugsar Thor Myklebust, alltid like opplagt til opplesing og foredrag. Lærarane Trævik i Stueland og Abel Seglem og Johs T. Sandvik (helst foredrag). Lærar Andr. Haugland var ein ivrig og god songlagsleiar og dirigent, som gjorde mykje for songen i Songlaget.

Best hugsar eg kanskje 17. mai 1914 — 100 årsfesten for Eidsvolls-fridoms verket. Det var vel kanskje fordi eg til denne dagen og festen hadde skrive eit dikt som eg las opp, og med ein liten tale. Då vart reist, og avduka, den store minne-steinen um fedrane som hadde vore på grensevakt og i krigen 1807-14.

Eg vil ogso nemne min gardsven Abel Eik, sprek idrettsmann, mangeårig formann i laget, optimist og alltid oppglød for laget og lagssaker som skulde fram. Han var det trausteidealet for mange av oss. Tilslutt, men ikkje minst, nemner eg Lars P. Haugland. Seig og truføst var han, som stod føre nybygging av Ungdomshuset, praktisk interessert for t.d. skogsaka. På dette omkvervet har han vore eit stort fyredøme for heile Vestlandet - og Island. Der han ogso har verka for saka.

Det er få av dei mange, som gjorde godt arbeid for laget, som eg kan nemne her i eit stutt brev. Eg måtte draga ut av bygdi

og gå på skular. Eg vart verande i Rogaland og på Ringerike. Det er sida mellom 1908 til 1916 eg fekk vera med i laget, og ofte var eg borte i desse år og. Eg minnest at Bjørn Mykkelbust, var ein god redaktør av Løkstikka og interessert lagslem.
Av dei yngre, som kom med etter at eg for ut frå bygda, må eg nemne Thor Mykkelbust jr. Hans trugne arbeid for laget og ungdomen er vel kjend, eg skal berre nemne den velredigerte boka eller minneskriftet, som han skreiv til 50 års festen, „1888 – 1938. Uskedal Ungdoms-lag 50 år".

Eg skulde vel nemnt nokre av dei mest trufaste kvinnelege lagslimene ogso. Men so vidt eg veit var ikkje nokon av dei formenn i laget då eg var med. Men deira medverkning for at laget skulde gaa godt er velkjend. Det var då dei som oftast fekk oss gutane til å gå i laget – – og hava det koseleg og morosamt!

Sender herved mi beste helsing til formannen i styret, og alle lagslimer i „Uskedal Ungdomslag", og eg ynskjer laget tillukka med dagen. De skal alle ha stor takk for godt gjerning for bygdeungdomen.

„Det vil meskast meir enn i ord
at me halda den arven i stand;
at ein fedrane sjå oss på jordi,
kann dei kjenna sitt folk og sitt land."

Kristen Døssland